



Saksnr	Utsval	Møtedato
091/11	Formannskapet	21.06.2011
047/11	Kommunestyret	30.06.2011

Sakshandsamar: Alf Olsen jr

Arkiv: K1-

Arkivsaksnr. 11/520 - 3

Minimums og maksimumsverdiar for eigedomsskatt på kraftverk - uttale frå Lærdal kommune

Kort samandrag

Finansdepartementet varslar i høyringsnotat dagsett til 15 april 2011 endringar i maksimums- og minimumsreglane for eigedomsskatt på kraftverk. Lærdal kommune sine merknader til høyringa går fram av saksframlegget.

Rådmannen si tilråding:

Lærdal kommune har slike merknader til FD sitt høyringsnotat:

1. Eigedomsskatten på kraftverk må handterast som ein skatt. I dette ligg at eigar må betale skatt etter evne. Maksimumsverdien for skattlegging set ei grense for dette. I følgje tal frå LVK er prisen så låg at nær 90 % av alle kraftverk ligg over maksimumsgrensa. Slik systemet er i dag, betyr at berre eigar får del i denne verdiskapinga.
2. Det er rimeleg at vertskommunane får del av framtidig verdiskaping i kommunen. Med dei maksimumssatsar som ligg føre i dag, er dette ikkje muleg. Dette er særskild uheldig med tanke på både vilje og evne til å legge til rette for vidare utbygging av fornybar energi.
3. Fordeling av inntekter mellom kommunar må handterast særskilt og uavhengig av eigedomsskattesystemet.
4. Lærdal kommune sluttar seg til dei vurderingar som er gjort av LVK i samband med minimums og maksimumsverdiane i eigedomsskattelova.

21.06.2011 FORMANNSKAPET

FS-091/11 TILRÅDING:

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå formannskapet.

30.06.2011 KOMMUNESTYRET

KS-047/11 VEDTAK:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.06.2011	110607_fin_makstak_høringsuttalelse_lv_kl.pdf	49159
14.06.2011	110607_Vedlegg1_makstak_høringsuttalelse.pdf	49158

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksutgreiing

Finansdepartementet varslar i høyringsnotat dagsett til 15 april 2011 endringar i maksimums- og minimumsreglane for eigedomsskatt på kraftverk. Dette av omsyn til dei uheldige økonomiske fordelingsverknadene av å fjerne ordninga. Dei rår i staden til justeringar i noverande ordning, gjennom å inflasjonsjustere makstaket framover, noko dei hevdar vil gje kommunane auka skatteinntekter. Dette kan gjerast seier FD ved å auke risikotillegget i kapitaliseringsrenta. Uttalefrist til notatet er 15 Juli 2011.

I eit LVK notat dagsett 23.05.2011 vert det framheva at endring av berekning kapitaliseringsrenta vert heilt avgjerande for dei samla økonomiske verknadene knytt til oppheving av minimums og maksimumsverdiane i eigedomsskattelova (ekskl.) § 8 fjerde ledd.

Lærdal kommune er ein kommune med vel 2 200 innbyggjarar. Stoda i dag er at det er mange store utfordringar på arbeidsmarknaden med endringar i store arbeidsplassar som lokalsjukehuset og opplysningen 1881. Ut frå det me veit, er det rimeleg å tru at me går ei tid med nedgang i folketal i møte, om ikkje tiltak vert sette i verk. Difor har kommunen starta eit arbeidet med ein strategisk næringsplan og vil søke om status som omstillingskommune.

Vår evne til å løyse framtidige utfordringar har samanheng med økonomisk evne og ressursar til å gjennomføre slikt arbeid. Eit viktig rammevilkår for kommunen er skatt på kraftverk.

Lærdal kommune er både vertskommune og vil bli sittande som eigar av eige kraftverk frå 2014. Kraftproduksjon er og vil bli ein viktig del av verdiskapinga i kommunen.

Lærdal kommune har på denne bakgrunn slike merknader til FD sitt høyringsnotat:

1. Eigedomsskatten på kraftverk må handterast som ein skatt. I dette ligg at eigar må betale skatt etter evne. Maksimumsverdien for skattlegging set ei grense for dette. I følge tal frå LVK er prisen så høg at nær 90 % av alle kraftverk ligg over maksimumsgrensa. Dette betyr at eigar kan ta ut alle økonomiske vinstar over denne grensa.

2. Det bør vere eit system der vertskommunane kan få rett til ein del av framtidig verdiskaping i kommunen. Med dei maksimumssatsar som ligg føre i dag, er dette ikkje muleg. Dette er særskild uheldig med tanke på både vilje og evne til å legge til rette for vidare utbygging av fornybar energi.
3. Fordeling av inntekter mellom kommunar må handterast særskilt og uavhengig av eigedomsskattesystemet.
4. Lærdal kommune sluttar seg til dei vurderingar som er gjort av LVK i samband med minimums og maksimumsverdiane i eigedomsskattelova.

Økonomiske konsekvensar

Innføring av eigedomsskatteregime slik det er foreslege av LVK vil for Lærdal som vertskommune utgjere kring 2,5 mill kroner i året.